

Referat SMU 03.10.2018

Til stade: Gunleif Haukali (politikar), Monica Helgøy (rektor), Sebastian Løland (elevråd), Inger Lise Riveland (FAU) og Katrin Persche (andre tilsette)

Fråfall: Aina Espedal (elevråd), Hege Tungland Langbakk (FAU) og Inger Ann Haukalid (FAU)

Sak 8/18 Godkjenning av referat

Vedtak: Godkjent utan kommentarar

Sak 9/18 Val av leiar, nestleiar og referent

Leiar: Sebastian Løland vil prøve seg som leiar og svarar neste gong om dette er noko han vil.

Nestleiar: Gunleif Haukalid

Referent: Katrin Persche

Sak 10/18 Ny balansepark på ungdomsskulesida

Rektor informerer:

- Elevane likar balanseparken og den er i bruk i kvart friminutt.
- Rampeline AS var og snakka med ungdommane om det positive med fysisk aktivitet. Dei viste også korleis dei kan bruke dei ulike apparata.

Elevane er litt skuffa av at dei ikkje fekk noko tak å stå under. Katrin Persche kontaktar Øyvind Storm i kommunen om dette.

Sak 11/18 Verdsdagen for psykisk helse

Forsand skule har i år valt å markere Dag for psykisk helse. Dette blir gjort den 4. oktober i staden for den offisielle dagen som er 10. oktober (haustferie). Alle elevar frå 1. til 10. klasse vil arbeide med ulike opplegg som handlar om årets tema «Ver raus». Dette skal ver ein alternativ skuledag der lærarane kan gjera andre ting enn vanleg skule. Mellomtrinnet og ungdomstrinnet bruker heile dagen på alternativt. Småskulen vil bruke omtrent halve dagen. Om kvelden er alle ungdomsskuleelevar og alle føresette frå 1. – 10. klasse invitert til å høyre på foredrag med Alexander Skadberg. Han kjem til kulturhuset og vil snakke i om lag 2 timar.

Sak 12/18 Elevråd 1. – 4. klasse

Forsand skule har starta opp med eit utvida elevråd frå 1. – 4. klasse. Her skal dei øve seg i å sitje i møte, få innsikt i medbestemming, få kome med forslag til ønskjer og me vil bruke ein del tid på sosiale og psykososiale tema. Klassane skal, som i ordinært elevråd, diskutere ulike sosiale og psykososiale tema i klassane som dei skal ta med i elevråd. Sosiallærar som driv dette elevrådet vil skrive referat som elevane kan ta med seg tilbake til klassane der alle får høyra kva som er sagt.

Sak 13/18 Eventuelt

Ingen saker meldt.

<i>Datoar for dei neste SMU-møta:</i>	<i>13.11.2018</i>	<i>klokka 19.00 – 20.00</i>
	<i>06.02.2019</i>	<i>klokka 19.00 – 20.00</i>
	<i>08.05.2019</i>	<i>klokka 19.00 – 20.00</i>

Forsand skule 19.10.2018

Referent: Katrin Persche